

# Meiner DNA-profil kan gje svar på villreinsgåte

**SKJÅK: Reinen i Vest-Jotunheimen kan bli radiomerkt og er eit rimelegare alternativ enn å skaffa til veges DNA-profil av stamma.**

Villreinstamma i Vest-Jotunheimen talde 397 dyr i 2003, i desember 2009 vart det registrert 182 dyr som var ein marginal auke på 12 samanlikna med året før. Men ein eller annan faktor, kanskje fleire, påverkar flokken i Vest-Jotunheimen. Det blir spekulert i om dyr rett og slett trekkjer over i tilgrensande fjellområde.

I rapporten frå reinteljinga i Vest-Jotunheimen, er radiomerking presentert som eit tiltak som kan gje eit bilete på vandringsmønster, eventuelle hindringar og uroing.

## Radiomerking

«Ein får lettare oversikt over kva dyra held seg til ei kvar tid». Fjelloppsynsmann Einar Fortun skriv vidare i rapporten at tiltaket er kostbart og det står att ein del arbeid før ein veit om merkinga av femseks reinar kan gjennomførast.

Villreinutvalet for Vest-Jotunheimen har vurdert bruk av DNA til å få fastsett om dyr verkeleg har vandra ut frå stamma. Men utvalet forkasta alternativet på grunn av kompleksitet og kostnad.

Sekretæren i Ottadalen villreinutval, Knut Granum, meiner ein DNA-profil for reinsstamma i Vest-Jotunheimen ville vore ei god løysing med tanke på å få stadfesta eller avkrefta at dyr har vandra ut av området.

– Det har gått rykte om at

ein flokk rømde i 2007/08. Sikkert er det at auken i Skjåk-traktene var ganske stor i same perioden. Me snakkar i alle fall om minst 80 dyr, kanskje 100, seier Granum.

Reinteljinga i Ottadalen søraust synte 410 dyr i 2007, talet var 508 eitt år seinare. 550 dyr var registrert i teljinga 19. januar 2010.

– Me veit ikkje årsaka til auken, med det meiner eg kor dyra er komne frå. Difor ville DNA-profil for vest-Jotunheimen vore til stor hjelp, seier Granum.

## Fargeskilnad

– Korleis kan dette gjennomførast?

– Kjøtprøver frå 15–20 dyr ville vore tilstrekkeleg. Ideen vart lansert for ei tid attende, men me fekk ikkje respons og kan ha samanheng med jaktforbodet som skal byggja opp att stamma.

– Stemmer det at den ekstraordinære tilveksten med dyr bryt med fagemønsteret som reinsdyra har i Ottadalen søraust?

– Dyra i Vest-Jotunheimen er mørkare.

– Geografien skaper ikkje vanskar for ei eventuell vandring?


– Slett ikkje. For reinsdyra i området er det fritt fram og spesielt medan Sognefjellsvegen er stengt, seier Granum.

Sekretæren peikar på ein av intensjonane med Breheimen verneområde mellom Luster og Skjåk, nemleg vern av villreinen i området.

– Difor bør ein få utløyst midlar til å overvaka reinen, seier Knut Granum.

Gunnar Kleven  
gunnar.kleven@sognavis.no

■ ■ Kva skjer i Vest-Jotunheimen?  
■ ■ Unormal reinsvekst i Ottadalen



**KAN BLI MERKT:** Radiomerkt villrein i Vest-Jotunheimen kan gje svar om dyr trekkjer ut av området. (Arkivfoto: Torodd Joranger)

## Vatn frå 12 meter djupn i Esebotn

**BALESTRAND:** Den som ventar på noko godt, ventar ikkje til fånytttes. I løpet av denne månaden er det nye vassverket i Balestrand i gang.

I 2001 vart det vedteke at Balestrand skulle få drikkevatt frå Esebotn. Ni år seinare er framleis Fagravatnet vasskjelda. I fjor haust håpa plan og utviklingssjef i Balestrand, Arne Abrahamsen, at innbyggjarane skulle få vatn frå det nye vassverket i Esebotn i oktober. Det skjedde ikkje, men no er det like rundt hjørna.

– I løpet av februar vil det nye vassverket i Esebotn vera i gang, seier Abrahamsen.

## Lenger tid

I følge plan og utviklingssjefen er

det fleire årsaker til at innbyggjarane har måtta venta nokre månader ekstra på å få vatn frå det nye vassverket i springen.

– Skifte av entreprenør har gjort at ferdigstillinga av det tekniske anlegget har teke litt lenger tid, seier Abrahamsen. Også prøvetakingane av vatnet har vore meir omfattande enn kommunen rekna med i fjor haust. Men no er det meste klart.

– Alt ser bra ut på vasskvaliteten. Det som no står att, er å få ei endeleg godkjenning frå Mattilsynet, seier Abrahamsen.

## 13 millionar

Det nye vassverket hentar vatn frå 12 meter djupn. Vatnet skal pumpast i røyr ut Esefjorden og vidare til høgdebasseng både i Dragsvik og Balestrand, før det skal renna ned att



**SNART I GANG:** I løpet av denne månaden vil innbyggjarane i Balestrand få vatn frå det nye vassverket i Esebotn i springen. Ni år etter vedtaket vart gjort og fire månader etter det dei håpa i fjor haust. (Foto: Eirik Thue)

til tingarane. Heile prosjektet har ein prislapp på 13 millionar kroner.

– Den ramma skal me klara å halda

oss innanfor, seier Abrahamsen.

Kai Martin Brekke  
kai.martin.brekke@sognavis.no